



# ØYGARDEN KOMMUNE

Aktuell informasjon  
august 2023







## Offentleg bading

Velkomen til offentlig bading i Øygarden. Bassenga opnar i veke 36. Du kan bada i desse bassenga:

- Straume terapibasseng
- Symjebassenget på Ågotnes
- Hjeltefjorden Arena symjehall
- Stranda symjehall

[Du finn meir informasjon, opningstid og pris på nettsida til kommunen.](#)



## Demokratiet må vedlikehaldast og utviklast

Når du les dette, er det kort tid igjen til kommunestyre- og fylkestingsvalet. Sjølve valet er den 11. september, men hugs at det er mogleg å stemma på førehand til og med 8. september.

Demokratiet er ikkje sjølvsgatt. Skal vi vedlikehalda og utvikla demokratiet, er vi avhengige av ord og handling. Dette kan vi mellom anna gjera gjennom debatt og å delta i valet. Vi har som mål å auka valoppslutnaden frå sist kommuneval. Eg vil oppmoda alle som har stemmerett, til å nytta denne retten.

Eg vil også takka for det vi har gjort saman i kommuneperioden som ligg bak. Vi fekk ein krevjande start i den nye

kommunen med pandemien som prega oss alle. Her opplevde vi at innbyggjarane, dei tilsette i kommunen og dei folkevalde verkeleg tok ansvar og sikra at vi kom gjennom denne krevjande perioden på ein god måte.

Men det er møta med enkeltmenneske som har gjort størst inntrykk. Det kan vera foreldra som har mista eit barn eller det er ein sprek 100-åring som bur åleine heime og ikkje treng hjelp frå kommunen. Slike enkeltendingar gir livet perspektiv.

Tom Georg Indrevik  
ordfører



## Tilbyr middag til seniorar på døra

Øygarden kommune har inngått samarbeid med Huset Spiseri om leveranse av kald eller varm middag minst to gonger i veka til seniorar 65+.

- Folk kan ta kontakt og bestilla varm eller kald middag. Den første tida er ein prøveperiode der vi skal hausta erfaringar med organisering og rutinar. Vi legg stor vekt på at maten skal koma trygt fram, seier Hallvard Måge i Huset Spiseri.

Tilbodet om leveranse av mat på døra til seniorar er eit resultat av arbeidet i prosjektgruppa Leva heile livet. Mat kan bestillast på telefon 55 32 27 73 eller e-post: [huset@torsvikhuset.com](mailto:huset@torsvikhuset.com).



## Busetjing av flyktningar held fram

Etter oppmoding frå styresmaktene, vedtok kommunestyret i juni at Øygarden kommunen skal ta imot 240 flyktningar i 2023. Ved utgangen av juli i år er nær 80 flyktningar anten busette eller på veg til å bli det.

No er det mest behov for å leiga møblerte husvære med plass til to til fire personar. Vi tek også mot gode møblar som du vil eller kan donera bort som sofa, bord, stolar, barneseng, kommodar, gode og fine senger og lampar. På Telavåg skule kan møblar og andre ting kan leverast og lagrast. Kontakt Øygarden bustadutvikling på telefon 908 39 225 eller send e-post til [obu.kf@oygarden.kommune.no](mailto:obu.kf@oygarden.kommune.no) Er det umogeleg for deg å levera, ordnar vi henting.

OYGARDEN.KOMMUNE.NO



# VAL

## Hugs

- Det er to ulike stemmesetlar. Stemmesetelen til kommune- styrevalet er rosa, medan stemmesetelen til fylkestings- valet er blå.
- Du må ha med legitimasjon når du skal stemma. Ta gjerne med valkortet, men det er ikkje nødvendig.
- Uansett når du vel å stemma vil det vera valmedarbeidarar i alle vallokala som kan hjelpa deg ved behov.

På nettsida til kommunen  
 finn du meir informasjon  
[oygarden.kommune.no/val](http://oygarden.kommune.no/val)



## Kommunestyre- og fylkestingsval 2023

I år det val til kommunestyret og fylkestinget. Alle med stemmerett kan vera med på å bestemma kven som skal styra kommunen og fylkeskommunen politisk. Partia som får flest stemmer i valet, får størst innverknad og betre moglegheiter til å få gjennomslag for politikken sin. Gjennom å stemma på politikarar som deler dine meningar og ønske, er du med på å påverka korleis Øygarden kommune og Vestland fylkeskommune skal vera.

### Kven har stemmerett?

For å stemma må du ha stemmerett og stå i manntalet i ein kommune.

Er du busett i Noreg, blir du automatisk ført inn i manntalet i

kommunen der du er folke- registrert som busett pr. 30. juni 2023.

### Desse har stemmerett:

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, som er eller har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg.
- Statsborgarar i Danmark, Finland, Island eller Sverige som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, og er registrert i folkeregisteret som busett i Noreg seinast 30. juni 2023.
- Personar som ikkje er norske statsborgarar, men som har fylt 18 år innan utgangen av 2023 og har vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg samanhengande sidan 11. september 2020.





# Kvar og kva tid kan du stemma?

## Førehandsstemming

Frå 10. august til og med 8. september kan du stemma på følgjande plassar:

- Innbyggartorget og biblioteket på Sartor Storsenter
- Innbyggartorget og biblioteket på Sund Senter
- Innbyggartorget og biblioteket på Rong Senter

Førehandstemminga følgjer ordinær opningstid (sjå nettsida til kommunen), men med utvida opningstid dei to siste vekene før valet. I tillegg kan du særskilde dagar, i avgrensa tid, stemma på helseinstitusjonane og dei vidaregåande skulane i kommunen.

## Valdagen

Sjølvje valdagen er 11. september. Veljarar som står i manntalet i Øygarden kommune kan då stemma ved følgjande vallokale i tidsrommet kl. 09.00 - 21.00:

- |                      |                       |
|----------------------|-----------------------|
| • Stranda skule      | • Brattholmen skule   |
| • Spildepollen skule | • Hjelteryggen skule  |
| • Skogsvåg skule     | • Foldnes skule       |
| • Skålevik skule     | • Ågotneshallen       |
| • Ulveset skule      | • Hjeltefjorden Arena |
| • Bildøyhallen       | • Tjeldstø skule      |
| • Bjørøy skule       |                       |



## Små oppdrag+

Treng du hjelp til små praktiske oppgåver i hus og hage? Foreininga Småoppdrag+ legg til rette for at du kan få hjelp av pålitelege pensjonistar og ungdomar (18-25 år) på ein trygg måte til overkommeleg pris.

Sjå nettsida til Øygarden kommune under Helse, omsorg og velferd/Dag- og aktivitets-tilbod eller kontakt Aksjons-senteret på telefon 55 09 70 00.



## Ledige stillingar

**Er du på jobb jakt eller ønskjer du nye utfordringar?**

Vi har fleire spennande ledige stillingar i Øygarden kommune. Velkomen som søkjar!

[oygarden.kommune.no/ledigstilling](https://oygarden.kommune.no/ledigstilling)


# Arrangementskalender for innbyggartorga og biblioteka

Dato	Tid	Arrangement	Stad
30. august	18.00	Sy handlenett - kurs (påmelding)	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
20. september	19.00	Astro-show med Knut Jørgen Røed Ødegaard og Anne Mette Sannes	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
21. september	19.00	Allmennquiz med quizmaster Hallgeir Dale	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
27. september	18.00	Sykurs (påmelding - 5 gonger)	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
28. september	19.00	Strikkeføredrag med Birger Berge	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
30. september	Heile dagen	Plantebytedag. Her kan du bytta potteplantar eller gje vekk stiklingar	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
30. september	12.00	Monsterbesøk. Framsyninga er basert på bøkene om Lillemonster og Storemonster (påmelding)	Dagsturhytta Rambua i Blomvågen
5. oktober	18.00	Teiknekurs for vaksne. Vi teiknar og snakkar om fuglar med avslappande musikk i bakgrunnen (påmelding)	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
18. oktober	18.00	Reparasjon av klede	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
19. oktober	19.00	Pop- og rockquiz med Kenneth og Svein	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
28. oktober	12.00	Pelle Propell med Christine Sandtorv	Innbyggartorg og bibliotek på Straume
9. november	18.00	Flettekurs	Innbyggartorg og bibliotek i Skogsskiftet

**Dato og tid for kanonlaurdagar på innbyggartorga og biblioteka i Skogsskiftet og Rong kjem.**  
[Oppdatert kalender finn du på nettsida til innbyggartorg og bibliotek OYBIB.NO](#)

## Faste arrangement

Månadens film for barn og vaksne | Litterær matpakke på Skogsskiftet og Straume |  
 Språkkafe for innvandrarak og flyktingar | Spelklubb for ungdom





## Frå kommunestyret første halvår 2023

### 16. februar:

- Det vart vedteke å starta planarbeidet med ny ungdomsskule på Bildøyna og arbeida vidare med ei skisse for skule på vestsida

### 11. mai:

- Kommunestyret godkjente detaljregulering for Skogsskiftet sentrum. Det vart også vedteke å starta opp arbeidet med rehabilitering av Fjell kyrkje.

### 21. juni:

- Det vart vedteke å utgreia eigen omsorgsinstitusjon innan barnevernet og at kommunen skal ta imot 240 flyktningar i 2023.
- Kommunestyret vedtok to strategiske planar; kultur-, idrett- og frivilligheit og bustadsosial handlingsplan.
- I revidert budsjett vart det vedteke å auka ramma med 122,5 millionar kroner. Dei største påplussingane er innan Helse og velferd og Kultur og samfunn.

## Kommune-TV

Møta i formannskapet, kommunestyret, dei tre utvala og kontrollutvalet vert strøymde og lagt ut på kommune-TV på nettsida til kommunen.



ØYGARDEN  
kulturskule

**Kulturskule for alle!**

Kulturskulen tilbyr undervisning i ulike musikkfag, dans, teater og visuelle kunstkunfag og musikkterapi. I tillegg har vi framsyningar, konsertar, utstillingar og andre sosiale arrangement. Vi har hovudbase på Liljevatnet, og har undervisning fleire stader i kommunen.

Gå inn på nettsida til kulturskulen for å finna meir info [oygarden.kommune.no/kulturskule](https://oygarden.kommune.no/kulturskule)



## Fritidsklubbar for ungdom

På nettsida til Øygarden kommune finn du informasjon om fritidsklubbar i Øygarden. Det er tilbod på Rong, Ågotnes og Straume. Fritidsklubbane er for ungdom i ulik alder.

[oygarden.kommune.no/fritid](https://oygarden.kommune.no/fritid)





## Velkommen til opning av dagsturhytta på Vetten

Øygarden kommune inviterer til offisiell opning av den nye dagsturhytta på Vetten.

**Dato | Tid | Stad**  
Sundag 3. september kl. 13.00 | Vetten

Oppmøte ved Stranda skule kl. 12.00 for felles tur opp for dei som ønskjer det. Det er òg mogleg å gå opp frå Førde eller Kleppe og møta på toppen. Det vert musikalsk innslag og lett servering.



**Kontaktinformasjon - Øygarden kommune**

**Telefon:** 56 16 00 00

**E-post:** [Postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:Postmottak@oygarden.kommune.no)

**Besøksadr.:** Øygarden rådhus, Foldnesvegen 1, 5354 Straume

**Postadr.:** Øygarden kommune, Ternholmvegen 2, 5337 Rong

**Nettside:** [oygarden.kommune.no](http://oygarden.kommune.no)



## Hald deg oppdatert om arbeidet med Sotrasambandet

Du kan få tilsendt nyhetsbrev (e-post) og SMS-varslingar om sprenging og anna byggeaktivitet om Sotrasambandet.

På nettsidene til [Øygarden kommune](#) og [Sotra Link](#) kan du melda deg på desse tenestene.



## Gratis datakurs for seniorar

Grunnkurs for personar med ingen eller liten datakunnskap. På kurset vil du læra å bruka nyttige digitale offentlege tenester, videomøte, samt bestilla heimlevering av mat og andre varer. Oppstart 14. september kl. 10.00 - 13.00. Kontakt innbyggartorg og bibliotek for påmelding. Arrangør: TREFF+